



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 60. ÅRGANG, 2021



Sjå Jerusalem

Sjå, Jerusalem,
sjå, din konge kjem
som ein frelsar logn og
tolen
ridande på asenfolen.
Gled deg, du Guds stad,
møt din konge glad!

Fredsam er hans ferd,
fager er hans gjerd.
Sjå, han kjem og byd deg
frelsa.
Gå då ut og honom helsa!
Høgt av fagnad kved!
I din Gud deg gled!

Gjer då vegen jamn
og velsign hans namn!
Sions stad, syng ut og
sanna:
No kjem Jesus! Hosianna!
Lova han som dreg
I Guds namn til deg.

Signa du som kjem
til Jerusalem!
Fredens fyrste frå Gud
Fader,
drag du inn i alle stader!
Gjer kvart hjarterom
til din heilagdom!

Elias Blix i 1875.



Vår og fuglesang

Årgang 60 står det på bladet i år. Fyste nummer kom i april 1962, i alle år sidan har kyrkjebladet gått ut til alle husstandar i Øystre Slidre. Stoff er samla, redigert og utgitt ved hjelp av ei mengde

frivillige medarbeidarar og tilsette i kyrkja. Eg vonar vi kan markere jubileet på ymse vis neste år! Noko å førebu seg til, jubileum er alltid moro!

Pr. i dag er vi mest opptekne av korleis vi skal vera kyrkje dette rare året, og dette nummer bær preg av at kyrkja har levd og verka på andre måtar enn normalt. Mykje moro har det vore å lære og vera med på, men du verden kor det skal bli godt å sleppe å telje meter og plassar; og å gjere det vi som kyrkje aller helst vil; slå dørene vidopne opp og seie VELKOMEN – alle saman!

Ikkje alle er digitale og vi deler difor i dette bladet litt av kvart som har skjedd på den digitale fronten. Litt moro og spenning byd vi og på. Mellom anna kan du dersom du eig ein smart telefon; slå på kamera og hald det over QR koden - og spanande ting vil skje! Nokre av oss har glede av denne magien, og det kan i dette året vi førebud jubileum vera moro å ta bladet eit lite hakk vidare inn i den digitale verda.

For alle andre, og dei digitale med: vi skal halde fram med det vi er best på: å møtast, sjå kvarandre inn augene, syngje, ta kvarandre i hendene, kjenne på høgtida i rommet, la orgelmusikken fylle rommet. Vi vonar at vi kan halde fram



Mathias gjer seg klar for å stemme i med fuglesangen. Foto: Eli Vatn



med opne kyrkjer i påska, og at vi kan samlast der til den vakre musikken, dei flotte salmane og kvarandre!

Og soknepresten; ho lengtar dessutan etter vår og fuglesang.

- Eli

SOKNEPRESTEN HAR ORDET



DEN NORSKE KYRKJA ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang
Bygdivegen 1989, 2940 Heggenes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar	OVE EKERBAKKE	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjegardsarbeidar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog-vikar:	MARIANNE STRAUM	

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE NUMMER:
27. APRIL 2021

FRAMSIDE: Under ei opprydding dukka denne teikninga opp.
Då Jesus reid inn i Jerusalem og folket hylla han med palmeblader. Teikna av Saskia, ca. 9 år gamal.

LIDAR KYRKJE
VIPPS: 135151
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

HEGGE KYRKJE
VIPPS: 515422
Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE
VIPPS: 590221
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

ROGNE KYRKJE
VIPPS: 587467
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresødegård Skattebu

Påskeandakt 2021



AV: BISKOP SOLVEIG FISKE, HAMAR BISKOP

FOTO: LIV TORHILD BRAATHEN

Den kjende svensk/nederlandske trubaduren Cornelis Vreeswijk (1937 – 87) syng i «Turistens Klagan» om å kjenne seg avstengd, men korleis songen frå barna på Karl Johan kan gi nytt håp.

Det sjunger några ungar på Karl Johan, dom låter starka och fina som bara ungar kan.

Ein ettermiddag på etterjulsvinteren kjende eg på kor lite dagslys det var. Tilværet var prega av restriksjonane knytt til Covid-19. Då hende det noko som var som å finna kvitveis og blåveis midt i vinterens snø, is og kulde. Kva hende? Jau, ivrige barnestemmer uttrykte glede over å leika i snøen og lyden frå borna bar bod om liv og håp midt i det avstengde.

Dette minner meg om tre ord som er knytt til jul og påske: «Ver ikkje redde». Dette fekk gjetarane på Betlehemsmarkene høyre. Det same fekk kvinnene høyre då dei tidleg på morgonen kom til grava til sin ven. Det er så stille, så stille. Men så vert stilla broten av at det hender noko grensesprengande, som ber bod om noko nytt!

Dette å sjå til ei grav handlar om eit felles grunnleggande behov; å sjå til og minnast den som er død. Ikkje sjeldan gjer mange dette både rett etter gravferda og seinare. Ser til, kjenner på det som var, ber med seg felles levd liv. Mange av kyrkjetenarane og gravarane rundt om veit at det er slik og dei er opptekne av vørndnad på kyrkjegarden. Dei legg omsorg og omtanke i mellom anna korleis dei etter gravferdsseremonien legg kransar og bærebukettar på gravene. Alle som har mista ein nærstående veit kor

mykje denne vørndnaden og respekten har å seie i møte med dei store spørsmåla knytt til liv og død.

Jesu liv, hans død på krossen og hans oppstode kastar ljøs over våre liv og vår verd. Krossen rører ved vår eksistens. I den augneblinken Jesus drog sitt siste andedrag på krossen, skalv jorda og klippene slo sprekkar. Etter at Jesu døde lekam hadde kvilt i grava, skjer dette uforklarlege og overveldande endå ein gong. Men no er det ikkje dødens, men livets krefter som bryt fram.

For Maria Magdalena og den andre Maria vart den sorgfulle stilla denne morgonen broten. Eg ser for meg angsten og forvirringa deira. Eg syns eg høyrrer spørsmåla deira: Kva er det som hender? Er det ikkje nok no? Og så får dei høyre fra engelen: «Frykt ikkje! Eg veit at de leiter etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her, han har stått opp, slik som han sa. Kom og sjå staden der han låg!»

Kyrkja blir framleis boren oppe av denne gjennomgripande hendinga. Sidan den gongen har bodskapen om Jesus Kristus fått lyda til forankring, tru og håp.

Når menneskelivet blir fylt av mørke og tunge tider, skal kyrkja halde fram med å reise håpet om ljøs for kvart enkelt menneske.

For sjølv om redsla ikkje er borte, spirer livets krefter fram. Oppstoda ber lovnader om liv og framtid. Kristus har stått opp!

Velsigna påskehøgtid!

Den største høgtid her på jord.

Den største høgtid her på jord er den eg held ved Herrens bord, der Jesus bed meg vera gjest, for der eg er hans hjarta nest.

Den kveld hans kjærleik mot oss brann så varmt som ingen elska kan, og oss til minnegåve god han gav sin lekam og sitt blod.

Når eg med Jesus nattverd held, eg minnest må den store kveld då han med sine venner sat og vigde inn den himmelmat.

Så signe du min altargang! Lat meg få kvila i ditt fang, til eg får fylgja deg til jord til nattverd ny i himmelkor.

tekst: Elias Blix.

Norsk salmebok nr. 161,



Kvinnefellesskapet

Eg er litt sein til avtala hos Gro. Ho møter meg utanfor huset i full fart med snømåking. «Godt du har noko å drive med når du må vente» seier eg litt unnskyldande. Ingen sure miner!

Vi labbar i veg oppetter stølsvegen. Her har mange kvinner og born leia buskapen sin opp til stølane og det spesielle livet og kvinnefellesskapet som var på stølane om somrane. Gro spør etter far min, for eg har fortalt at eg skal til Trøndelag og hjelpe han å installere seg i ein omsorgsbustad! Vi brukar dei første minutta oppover vegen til å dele tankar om våre eineforeldre som no er blitt enkemann og enke. To kvinner som deler omsut og tankar om våre kjære. Slik kvinner har gjort det på denne vegen oppover, og slik kvinner ofte gjer. Og ein av refleksjonane våre er at det ofte kan vera meir sårbart å stå att åleine som enkemann enn som enke. Menn har kan hende ikkje same nettverk som kvinner, eller kvinnene har vore pådrivarar i deira felles nettverk.

- Kvinners kontakt med kvarandre er kanskje også nærare på det følelsesmessige plan, i å dele gleder, sorger, seier eg.

- Ja, for meg betyr det mykje å ha venninner eg kan dele tankar og kjensler med; som kjenner meg over lang tid, mine sigrar og nederlag i livet, fortsett Gro, - og det som er spesielt fint å oppleve no når eg brukar ein del tid saman med dei syriske og eritreiske kvinnene, er å kjenne all den omsorg dei gir meg.

Eg har annonsert at eg gjerne vil snakke med Gro om verdien av kvinnefellesskap, og vi er midt inne i temaet utan eingong å ha tenkt over det! Både ved å vera to kvinner i samtale om viktige ting i livet, og ved å skjønne oss på kva kvalitetar kvinnefellesskapet har.

- Eg har som politiker alltid hevda at kvinner må inn på same arenaer som menn, eller der beslutningane blir tatt. I politikken har eg meint det er litt bortkasta tid å danne reine kvinnegrupper, går Gro vidare.

- Ja, her er vi ved den politiske sida av det, seier eg. Og no er eg ved ein av mine kjepphestar, kjenner eg. Då eg tok sosialantropologi som ung, lærte eg nokre modellar for å tenke om kjønn og makt som har vore viktige for meg- ikkje minst i møte med våre nye landskvinner. Sett at du har eit sterkt kjønnsdelt samfunn der kvinner og menn lever på ganske skilde arenaer, har makt og innflyting på forskjellige verdier. Og sett at bae meiner at dei verdiane dei forvaltar er dei viktigaste. Kan vi då seie at den eine er undertrykt av den andre fordi ho ikkje har makt over, eller anerkjenner den andre gruppa sine verdier. Eg lurar på om det er slik at når vi som kvinner har vore opptekne av å innta den offentlege arena, har vi devaluert eller gløymt det domene som kvinner har hatt. Når vi då møter kulturar med meir skilde arenaer mellom kjønna, overser vi verdiane som er forvalta i kvinnefellesskapa og verdien av kvinnefellesskapa.

- Det er noko der, svarar Gro. Eg har opplevd at skal vi nå dei syriske kvinnene og at dei skal kome til orde, treng vi å ha reine kvinnegrupper. Der er dei friare.



- Ja, eg har fått lov til å vera med på slike arrangement hos deg Gro, der vi kvinner til kvinner deler kompetanse på stopping, korleis en kler seg i vinterkulda, eller sår og dyrkar gulrøter og persille. Eg la og merke til korleis dei støtta kvarandre og var ganske frittalande om sine utfordringar på heimebane! Dette var eit fritt rom! I bakkane oppover stølsvegen har vi snakka oss inn i skuleerfaringane og Gro peiker på si erfaring at gitar tek meir plass enn jentene i ei kjønnsblanda skuleklasse. Kanskje skulle ein av og til dele gruppene i kjønn?

- Ja dersom vi ikkje var så redde for at segregering var undertrykking, så kunne vi kan hende gjere det meir, skyt eg inn!

Samtale mellom kvinner er gjerne bekreftande, og ikkje konkurrerande eller polariserande har Helene Uri hevda. Eg trur det er rett, og det er i ettertid vanskeleg for meg å hugse kven som sa kva av Gro og meg! Det i seg sjølv er verd å merke seg om kvinnefellesskapets gode verdier. Kor som er så har vi i alle fall kome attende til syrerkvinnene som på mange måtar lever meir slik vi gjorde her for eit par generasjonar sidan. Nokre aktivitetar og arenaer er for kvinner, nokre for menn, og det er ikkje ukomplisert å blande. Det er til dømes ikkje heilt greitt for kvinnene å vera åleine med ein mann som ikkje er far, bror eller ektemann. Vi er ganske samde om at ein kan ikkje leve i Norge utan å måtte tilpasse seg det norske samfunnet også når det kjem til kjønnsroller. Vi som er «gamle i landet» må både utøve den edle kunst å vise respekt og samtidig introdusere den norske måten å leve på der alle arenaer i samfunnet er opne for kvinner.

Samstundes må vi ikkje sjå bort frå, eller devaluere dei fellesskapa kvinnene har. Dei kan ha meir innflyting på sine arenaer enn vi heilt ser; desse arenaene er gjerne private og stengde for det offentlege.

Vi var innom mangt nedover bakkane att; religion, ytringsfridom, respekt for kva som er heilag, ja mange ander viktige tema.

Men her skal verdien av kvinnefellesskap få ha fokus – og respekt! Ja respekt er eit flott ord; det tyder å sjå om att, ta eit steg tilbake og sjå ein gong til. Det er nyttig i møte med kjønnsroller, kvinnekamp og i møte med andre kulturar.

MIN SALME



Å, VAR DET SÅ VEL AT EG KUNNE TRØYSTA EI EINASTE SJEL.

Denne salmen er ein av dei vakraste som eg kjenner til.

Desse to første versa oppsummerer det som for meg må vera det sentrale i einkvar religion; å streve etter sjølv å bli eit betre menneskje, og samstundes hjelpe og syne omsorg for andre.

Det var ikkje lett å finne att denne salmen. I alle nyare salmebøker er han fjerna; eg kan ikkje fatte kvifor dette er gjort. Heldigvis har eg salmeboka frå den gongen eg vart konfirmert for 48 år sidan.

Olav Lie

Å, var det så vel at eg kunne trøysta ei einaste sjel.
Og turka ei tåre av folnande kinn,
og lækja eit sår og eit blødande sinn.
Og lauga i soli så varm og så rein.
Ein einaste ein!

Å, var det så vel at eg kunne løysa ein einaste træl.
Og rive i sunder eit gnagande band,
og retta ein arming ei hjelpande hand.
Å, kunne eg fria frå støyt og frå stein.
Ein einaste ein!

Norsk Salmebok (1985) no 702

Glede

TEKST OG FOTO: ELI VATN

I mørkaste tida før jul hadde eg eit veldig morosamt prosjekt på Facebook og heimesida til kyrkja. Eg spurde dei eg møtte kva som gjorde dei glade. Det var definitivt til glede for meg, og eg trur det lyste opp i kvardagen for ein og annan som var inne på nettet. Men ikkje alle har tilgang til kyrkja si side korkje på Facebook eller heimesida. Eg har difor sakska frå Facebook her.

Å ta seg ein tur på Beitostølen var i seg sjølv ei lystig affære, ikkje minst for den som frimodig kastar seg over folk og stiller spørsmål om glede.



Kyrkja i Øystre Slidre

Publisert av Eli Vatn 19. november 2020

Der sit dei to kloke karar; Terje Steinsrud og Kjell Viken ved eit bord og drikk kaffe, heilt uvitande om at dei snart er eit offer for min revolverjournalistikk.

- Kva gjer dykk glade spør eg.

- Kjell tel på fingrane: god helse, sosialt nettverk, å ha det bra med dei du er saman med, noko å drive med, det er viktigaste og mest grunnleggande.

- Men kva gjer du dersom du ikkje er glad då, har ein dårleg dag. Kva kan du gjere for å bli glad?

Terje tek den ballen:

- Då er det viktig og bra å koma seg ut, ta ein tur ute i naturen, gå ein fjelltur, ta nokre bilder, finne nokon å ta ein kaffe med!

- Da har du kontroll på det da, skyt Kjell inn. Men eg trur berre det å koma seg opp kan vera vanskeleg om du har ein dårleg dag, eller ikkje har det bra.

Vi har vel alle denne spesielle tida med permisjonar og isolasjon i bakhovudet. Eg skjønar Kjell sitt poeng også; nett dørstokken er den største hindringa. Eg tenkjer likevel at det er fint å vite at det kan vera mogleg å gjera noko for å bli glad. Dette møtet vart sitt eige gledesbevis!

Dei fleste gleder tok eg opptak av med mobilen min: Slå på mobilkamera, hald det over QR-koda og bli med på Anne Nora Alunds *bestemorgleder*.



Denne gledesporinga gjev ein prest så mykje; også dei gode langsame samtalane og kloke tankane. Ei glede å dele med dykk som les: Stopp opp ei lita stund, få igjen pusten og ta imot Magny Karlberg sine tankar om gleda:



Kyrkja i Øystre Slidre

Publisert av Eli Vatn 24. november 2020

Eg har gjort Knut Steinsrud ord til mine: "Lev i gleden". Livet mitt har bydd på så mangt, sorg, saknad, einsemd, men og av lykke og glede. Eg startar ofte dagen med å finne ting eg vil glede meg over, og eg avsluttar dagen med å takke.

Det kan elles vera mange små og uventa hendingar som kan gje glede og takksemd. For meg heng desse orda i hop. Gleda kan ofte vera flyktig og koma tilfeldig. Takksemd derimot er alltid tilsvars, noko eg kan dyrke, og fokusere på i ulike situasjonar, også når livet buttar i mot.

Takksemd for at eg er i stand til å gå, springe og danse, for at eg kan sjå utover kulturlandskap og eit godt grannelag, at eg kan sjå våren koma, snøen som fell eller går, sjå fjord og fjell, for at eg kan oppleve nye land, religionar og folk, og at eg har ein god venn å reise i lag med.

Glede meg over å gå ut i naturen.

Kjenne takksemd for å ha levd i lag med ein fantastisk mann i 47 år. Kjenne på kor heldig eg har vore.--- Takksemd for at eg har ein stor og god familie, og mange kjenningar--- Sjå det kjem ein ny blome på potteplanta. Finne brisk, hauste potet.---Glede meg over god musikk, høyre på radioen, tenne eit lys, eller legge i omnen.--- Seta meg ved veven.... Glede meg til å få besøk av Eli.

Eg tenkjer ofte på døden, og ønskjer at eg på sotteseng kan kjenne takksemd for at eg har levd eit rikt og godt liv. Eg vil dø i "gleden".



ØSUS varmar opp til "No har vi vaska golvet".



Barnehagen får møte både Maria, Josef, Jesusbarnet og tre flotte vise kvinner!



Juleevangeliet ved Rogne skule.



Solbarn, jordbarn ved Rogne skule.



Tor hjelper ordføreren med mikrofonen.

Julegudstenesta

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Jula vart også annleis for kyrkja som for alt elles i samfunnet. Ikkje meir enn 50 kunne vera tilstades i kyrkjerommet, og med påmeldingar og unnsæle kyrkjegengarar var vi mindre enn 200 som var på gudstenester i jula, i motsetning til rundt 700 eit vanleg år. Skulegudstenester fekk vi heller ikkje halde på grunn av smittevern. Begge deler eit stort sagn kjenner eg på! Men nød lærer... Vi måtte bli digitale og noko er så absolutt vunne ved det også! I byrjinga av desember fekk eg med meg Tor Arne Solberg rundt på skulane for

å ta opptak av skuleklassar som song julesongar, gjekk Lucia tog, laga juletrepynt, teikningar og julegåver. Det var så inspirerende og morosamt å treffe alle. Fleire kom i tale enn ved ei vanleg skulegudsteneste. Tusen takk til alle saman.

Vi vonar alle foreldre og besteforeldre har fått høve til å sjå gudstenesta, og alt dei unge bidrog med. Sjølv for oss andre kan ho vera morosam å sjå om att, her fins mange vakre bilder frå Øystre Slidre og ordføreren si helsing til folket.



Smørkøll-avdelinga med sitt rette namn.



Ton i ton på Smørkøll med med si gyldne innreiing.

Harmoni på Helsetunet

AV: ELI VATN

Kva har vore viktig når de har planlagt det nye hestetunet? stod det på blokka mi då eg fekk rundtur for «På kyrkjeveg». Eg kom aldri så langt at eg fekk spurd, men det vart fort openberra at harmoni, skjønnheit og ro har vore viktig. Duse fargar, og kunst på veggane, mykje kunst, gjerne frå den gamle sjukeheimen er av kunstkomiteen sett saman i harmoni med fargar på vegger og møblar.

Eg fekk og vitje seremonirommet! Det er ikkje ferdig utforma med omsyn til kunsten. Men med høveleg utsmykning vert det vonaleg ein god stad å samlast for å ta avskil med sine kjære.

Og det er stille, inga susing, ingen lyder frå ventilasjonsanlegget, ingen alarmer å høyre i gangane. Her kan ein få roa.

Ingrid Norli viser meg rundt, og det er godt for her kunne eg gått meg vill. Elles kan ein berre kaste eit lite blick ut av vindaugo som er overalt, og Heggefjorden og fjella bak fortel med ein gong kvar du er. Ikkje sikkert du skjønner kva for avdeling, kva for etasje, men fargekodar og kjende stadnamn viser veg.

Eg får mest inntrykk av at personalet stundar på jobb for å nyte utsikta, og alle let dei så vel om den nye arbeidsplassen. Ja det er og mitt inntrykk at det gjer beuarane også! Både på bustadene og institusjonen.

Teknologien er eit kapittel for seg; med lydsensorar der beuarande berre kan rope så vert det registrert hos personalet!

Godt å kjenne på at det fins slik ein god stad å verta gamal på!



Vi er ved Smørkøll-treet, eller var det stumtenaren?



Framskapet i harmoni med fargeane på Smørkøll og med røter til garden Sørre Moen.



Seremonirommet i blått og tre.

Vi saknar salmesangen

AV: ELI VATN

I Kyrkjestogo i Rogne har det som så mange andre stader, vore stillare enn vanleg i denne Koronatida. Diakonisamlingane og Salmekveldane har alle vorte avlyste etterkvart. Vi vonar på betre tider, men har spurt oss litt føre hos folk som har vore med på desse samlingane om kva dei saknar. Det vil vera speglbiletet av kva vi kan gje oss til når landet igjen vert opna.



MARIT HEGDE

er ein av pådrivarane og seier det slik: «Et merkelig år. Vi

har kanskje lært

noe om hva som er viktig i livet gjennom alle begrensningene – hva vi har savnet og hva som har vært bra.

Jeg snakker med mange mennesker i jobben min.

Noen sier at det har vært bra med mindre aktiviteter og ting som stresser i hverdagen,

andre sier at det er trist å ikke kunne være sammen med mange, med barn og barnebarn.

De er redde for å gå i butikken der de kan møte folk med smitte. Ja, noen er mer redde enn før,

andre syns det er greit at det å være redd for noe faktisk er reelt nå, og ikke bare «psykisk».

Livet mitt har på mange måter vært nesten som før. Jobben er nok endret på mange måter, men jeg har jobb, og går dit hver dag. Til å begynne med var det kun kontakt med barn og barnebarn digitalt – etter hvert ble det åpnet opp for å møtes fysisk.

Jeg har det nok enklere enn mange – har lettere for å glede



«Sommer» av Sigmund Årseth formidlar løftet om fellesskapet vi sakna.

meg over det som er bra enn å være lei meg for det som ikke er bra, så har jeg kjent på savn i denne tida? Hva er viktig i mitt liv?

Blant de viktige tingene i livet mitt er det å gå i kirken, og musikken der. Salmene, både musikalsk og tekstlig, er det som står hjertet mitt spesielt nær.

Når jeg skal finne ro i sjela, kan jeg sette meg ved pianoet og spille – og da er det salmer jeg spiller, nesten alltid.

Vi har i flere år hatt Salmekvelder i Rogne kyrkjestogo. Vi møtes noen mennesker en gang i blant for å synge salmer – kjente og ukjente – helt enkelt. Vi sitter tett sammen rundt bordet og kjenner på et fint fellesskap.

Når vi i ro og fred kan fordype oss i salmeskatten, er det nesten som en gudstjeneste, det og. Salmene er skrevet ut fra det levde livet, på godt og vondt – og alltid med retning

oppover – mot Vårherre. Så blir kanskje ikke livene våre helt som før – og kanskje er det greit. Vi skal ta med oss noen viktige lærdommer videre i livet – hva vi kan være takknemlige for og hva som står fast i alle situasjoner i livet.

Jeg gleder meg til at vi kan gå i kirken igjen – alle sammen, og jeg gleder meg til at vi kan ha Salmekvelder igjen, salmer til glede, til sorg, til oppbyggelse og til utfordring. Håper at vi kan møtes SNART!»

begge arrangementa. Det er gjerne ynsjekonsert, og ein kan ynskje seg sine favoritt-salmar. Praten, samværet er og viktige sider ved samlingane. Det plar og vera ei andaktsstund – og det er fint. Eit sagn på samlingane er karar. Det er blitt borte mange av dei som bruka å vera med. Einar unnskylder seg med at han har vore eit passivt medlem på desse samlingane. Men eg tenkjer at det er nett det å være tilstade, å vera ei stemme i flokken som gjer desse samlingane så fine.



ALTARTAVLER
AV: SOLVEIG SANDBERG



Altartavla i Lidar kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen

Altartavla i Lidar kyrkje

Det hadde lenge vore eit ynskje blant folk i Hegge sokn om å få til ei eiga kyrkje i den nordre delen av kommunen. Mange tok del i denne dugnaden og i 1932 var draumen ein realitet.

Olav Rudi hadde teke på seg å laga ei altartavle til den nye kyrkja. Han arbeidde i fleire år med tavla og gjekk kurs for å takle utfordringane.

Ved innviinga av Lidar kapell den 2. november 1932, kunne folk glede seg over ei svært vakker tavle frå Olavs verkstad.

Altartavla set fokus på korsfestinga av Jesus. Kunstnaren har skore ut eit krusifiks som han har sett inn i eit sentralt felt i tavla. Dette biletet er innramma av ein bord. Over biletet står ein utskoren tekst som er ein variant av Jesu siste ord på korset: »Det er fullført». På kvar side av Kristus står to vridde søyler som ber ein knelande engel. Både englane og Kristus er utskorne som skulpturar. Over dette ser vi ein sigrande Kristus som held heile verda i sine hender. Han står midt i ein stor akantusbord som omgjev heile altartavla. Norskamerikanaren Knut O. Ekerbakke betalte tavla med kr 500.

Olav Knutson Rudi (1893-1981), som laga altartavla, vaks opp i Dale-bygda og overtok i ung alder morsgarden Okshovd (6/1) i Midtre Hegge. Gardbrukaren Olav Rudi var ein mann med mange kunstnariske gåver. Som vi ser, var han mellom anna ein meister til å forme ting i tre. Noko av kunnskapen sin gav han vidare til unge karar i grenene her. Han var lærar på den ambulerande snikkarskolen i Øystre Slidre i åra 1925-1930. Seinare vart han tilsett som sløyd-lærar på Valdres Folkehøgskule på Leira.

Det gjekk over 20 år før altartavla vart måla. Sumaren 1955 var Rudi på plass att i kyrkja. Han gav tavla dei blågrå og rustraude fargane som ho framleis har i dag og teksten pryda han med gull. Men sidan han ikkje var heilt nøgd med Kristus-figuren som han hadde skore, laga han like godt ein ny. For arbeidet fekk han 280 kroner noko som svara til ei timebetaling på kr 3,50.

Olav Rudi laga seinare fleire liknande altartavler. I 1936 hadde han ferdig ei tavle til Sollihøgda kapell, i 1939 til Raufoss kyrkje og i 1944 fekk Strand kyrkje i Nord Aurdal ny altartavle.



TÅRNAGENTAR! - GÅR DU I 3. ELLER 4. KLASSE?

Då blir du invitert til å vera Tårnagent i Rogne kyrkje den 24.-25. april, eller i Hegge 1.-2. mai. Dersom vi ikkje skulle få lov til å møtast til samling, blir det eit digitalt opplegg ved kyrkjene. Invitasjon kjem når vi nærmar oss. (Dersom foreldra dine eller du ikkje er medlem i kyrkja så må du seie ifrå til oss om du vil ha invitasjon.)

Til dess: ein liten smakebit på agentoppdrag! Finn fram, eller lån ein smart telefon; sett på kamera og hald det over QR kodane:

1. Kva feirer vi skjertorsdag; og kvifor?



2. Kva gjorde Jesu disiplar i Getsemanehagen natta til langfredag?



3. Kvar er dette? Bilde til høgre.



Lydkvelden vår.

Når du er i kyrkja er det viktig at du høyrer godt. Det er ikkje noko hyggeleg å lure på kva klukkaren seier for noko eller å irritere seg og over skurring i høgtalaranlegget under preika til presten. Alle kyrkjene i Øystre Slidre har i dag lydanlegg som vi kan bruke til å forsterke lyden og gjere det lettare for tilhøyrarane. Alle kyrkjene har også teleslynge slik at folk som brukar høyreapparat kan nytte seg av dette. Det er slik at vi ikkje alltid er like fornøygde med korleis lyden er i desse anlegga. Det kan ofte høyrast ut som presten sit inne i ein blekboks eller så kan vi få skurring og piping over anlegget.

Heldigvis fekk vi med oss Øyvind Abelsen, mannen som har installert anlegget i dei fleste kyrkjene, på å ta ein rundtur for å lære oss å bruke det.

Difor møttes prestar, klukkar, organist, kyrkjetenarar og kyrkjevevje i Lidar kyrkje ein kald onsdag i januar. Øyvind forklarte tolmodig korleis ein stilte inn anlegga og brukar dei. Så prøvde prestar og klukkar lyden medan dei andre høyrde etter. Prestane og klukkar fekk også høyre korleis det høyrst ute i kyrkja. Etter ei tid var alle nøgde med lyden i Lidar og turen gjekk til Rogne og Volbu. Der også fekk vi stilt inn og testa til vi var fornøygde. Så ivrige var vi på testing at det ikkje vart tid til Hegge. Det fiksa Jon Gunnar og Øyvind sjølve etterpå.

Det var ein nyttig ettermiddag og kveld som gjer at lyden du høyrer i kyrkja skal bli så bra som råd. Er ikkje lyden bra, så må du berre seie frå. No er prest, organist, kyrkjetenar og klukkar opplærde på å fikse det.

- Ove Ekerbakke - kyrkjevevje



KYRKJELEGE HANDLINGAR NOVEMBER 2020 - FEBRUAR 2021

VIGSEL

LIDAR KYRKJE:
Andrea Edeldotter Fjellstad og Anders Lie

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Ingebjørg Kristine Steinsrud
Sigrid Hermundstad
Gerd Erna Hammer
Einar Fjelltun

HEGGE SOKN
Randi Robøle-Hegge
LIDAR SOKN
Eirik Grønolen

VOLBU KYRKJE
Ragnhild Vingdal
Oddvar Onstad

DÅP

VOLBU KYRKJE
Sigurd Rogne

ROGNE KYRKJE
Julie Bergli
Nora Tvenge Skogstad

VELKOMEN TIL KYRKJE!

COVID-19:

Kyrkja følger gjeldande retningslinjer og tiltak for arrangement. Avlysingar eller endringar på den oppsette lista kan førekomme. Følg med i avisa Valdres og på nettsidene til kyrkja.

Påsken 2021

01 04 2021 SKJÆRTORSDAG

LIDAR KL. 17.30 Gudsteneste med nattverd ved sokneprest Eli Vatn

02 04 2021 LANGFREDAG

VOLBU KYRKJE KL. 19.30 Pasjonsgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

04 04 2021 PÅSKEDAG

HEGGE KYRKJE KL. 11.00

Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn.

05 04 2021 2. PÅSKEDAG

LIDAR KYRKJE KL. 19.30 Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn med konfirmantane

April 2021

18 04 2021 JORDET VED BERGO

HOTELL KL. 11.00

Leirmesse for konfirmantane

25 04 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Høgmesse Tårnagent ved sokneprest Eli Vatn

Mai 2021

02 05 2021 HEGGE KYRKJE KL. 11.00

Høgmesse Tårnagent ved sokneprest Eli Vatn

09 05 2021 ? KYRKJE KL. 11.00

(sjå i avisa Valdres). Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

Den gygne time

Den gygne time er utsett på ubestemt tid, grunna covid-19 og stengt Lyskapell.

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.

/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

17 05 2021 VOLBU KYRKJE KL. 09.30

Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

23 05 2021 PINSEDAG

HEGGE KYRKJE KL. 11.00

Samtalegudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 05 2021 2. PINSEDAG

ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste.

Dåp ved sokneprest Eli Vatn.

30 05 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Samtalegudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

Juni 2021

06 06 2021 VOLBU KYRKJE KL. 10.30

Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

06 06 2021 ROGNE KYRKJE KL. 12.30

Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

13 06 2021 LIDAR KYRKJE KL. 10.30

Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

13 06 2021 HEGGE KYRKJE KL. 12.30

Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

20 06 2021 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste. Dåp ved sokneprest Eli Vatn

27 06 2021 VOLBU KYRKJE KL. 11.00

Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

Babysong

Prost Carl Philip Weisser håpar at smittevernreglar gjer at babysongen kan ta til att etter påske.

Den plar vere i Rogne kyrkjestogo på nokre **tyrsdagar i månaden kl. 11.00–13.00.**

Følg med på kyrkja si heimeside og Facebook.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

FULLDISTRIBUSJON

OM KONFIRMASJON:

VOLBU OG ROGNE 1. HELG I JUNI

LIDAR OG HEGGE 2. HELG I JUNI

Det er ikkje heilt avklart enno, men mest truleg blir konfirmasjonsgudstenesta i Rogne og Hegge delt i to puljer:

ROGNE:

½ parten laurdag 05.06 kl. 11 og

½ parten søndag 06.06 kl. 12.30

HEGGE:

½ parten laurdag 12.06 kl. 11 og

½ parten søndag 13.06 kl. 10.30

Konfirmantar 2021

06 06 2021 VOLBU KYRKJE

Thomas Alexander Garvik
Anne-Cecilia Bruland Myrvang
Andrine Hovdenakk Hagali

06 06 2021 ROGNE KYRKJE

Erik André Bergli Dørre
Shaban Nordli Holden
Magnus Hesjadalen Linn
Henning Presthegge Mork
Jonny-Alexander Nerstad
Eivind Skoglund Rogne
Ola Thon Rogne
Eskil Nøbben Trandokken
Natalie Regine Lien
Katrine Kolbjørnshus Rogne
Emma Terese Thon

13 06 2021 LIDAR KYRKJE

Maria Elisabeth Nordberg
Eskil Hedalen Skaret
Ole Hedalen Stølen
Josefine Skjønnhaug

13 06 2021 HEGGE KYRKJE

Jørgen Skrindsrud Nordaas
Andris Løseth Nordtorp
Ole Alexander Røgden Lykken Melby
Heidi Anette Snortheimsmoen Hauge
Nora Hansine Sveen Lundgård
Ingvild Robøle

Pusterom

I **Volbu kyrkje** held fram som før og vi har sett opp desse datoane:

12. april, 10. mai og 7. juni

Ope kyrkje i Volbu frå kl. 18.00.

Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

